



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 09.03.2015

Vår ref.: 2015/617

Arkivnr.: 733.0

Kommunane i Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

KOMMUNALT KOMPETANSE- OG INNOVASJONSTILSKOT

Tilskot til kompetanseheving og innovasjon for å stimulere kommunane til å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester. Utfordringsbiletet slik det står i Meld St 29(2012-2013) Morgendagens omsorg kap 1.2.2 gjev overordna føringar for tilskotsordninga. Kommunar kan søkje om midlar til kompetanseutvikling, opplæringstilskot knytta til brukarstyrt personleg assistanse og innovasjonsprosjekt.

Søknadsfrist 30.04.2015

Kven som kan søkje ?

Kommunar og fylkeskommunen

Kommunar kan gjerne søkje i samarbeid med andre kommunar, helseføretak, næringsliv, frivillig sektor eller andre aktørar. Fylkeskommunen kan kun søkje om tilskot til kompetanseutvikling.

Beløp som skal fordelast til kommunane i Rogaland : Kr. 18 130 635,-

Målet for ordninga

Hovudmål:

Stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse og omsorgsfeltet med bærekraftige og gode tiltak og tenester.

Delmål:

- sterkare brukarinnverknad og betre samspel med pårørande, frivillige og lokalsamfunnet
- førebyggje og utsetje behov for kompensierende tenester og bidra til at brukarane opprettheld eller gjenvinn sin funksjonsevne og sjølvstende
- styrka leiarkompetanse, fagutvikling, større fagleg breidd, tilstrekkeleg, kompetent og stabil bemanning
- etisk refleksjon og kunnskapsbasert praksis

Tildelingskriterie og prioriteringsrekkjefølgje for ordninga:

Følgjande søknader skal prioriterast i slik prioriteringsrekkjefølgje:

1. Fullføring av tiltak som har fått tilskot tidlegare og som ikkje er avslutta innan grunn-,

etter- og vidareutdanning, velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering

2. Opplæring knytta til BPA med følgjande prioriteringsrekkjefølgje:

1. Opplæringstilskot for nye og etablerte brukarar/arbeidsleiarar
2. Opplæringstilskot for kommunane sine saksbehandlarar
3. Opplæringstilskot for assistentar

3. Nye innovasjons- og kompetansetiltak.

Innanfor innovasjon skal det prioriterast middel til nye tiltak og metodar som kan bidra til:

- førebygging, tidleg innsats og eigenmeistring
- habilitering og rehabilitering
- velferdsteknologiske løysingar
- samspel med pårørande og frivillige
- fysisk, sosial og kulturell aktivitet og deltaking

eller andre nyskapande løysingar av stor betydning for brukarane av dei kommunale helseog omsorgstenestene.

Tiltak som har innovasjonsfellesskap med næringsliv og/eller utdannings- og forskningsinstitusjonar skal ha eit fortrinn.

Innovasjons- og kompetansetilskotet skal sjåast i samanheng med Kommunal- og moderniseringsdepartementets skjønnsstilskot, som også kan brukast til kommunal innovasjon og utvikling.

Andre opplysningar

Det blir som hovudregel lagt til grunn ein kommunal eigenandel.

Korleis søkje

Søknad skal fyllast ut i eige søknadsskjema. Skjema finn du og på våre nettsider. Søknaden blir å sende til Fylkesmannen si postadresse:

Fylkesmannen i Rogaland
Pb 59
4001 Stavanger

Evt fmropost@fylkesmannen.no

Rapportering på mottatt tilskot

Det blir opplyst i tilskotsbrevet om rapporteringsfrist og krav til rapportering for eventuelt tilskot ein får i 2015.

Rapportering blir gjort i eige rapporteringsskjema.

Resultata av innovasjonsprosjekta skal dokumenterast og fylkesmannen skal gjere ei vurdering av i kva grad prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar. Fylkesmannen skal vidareformidle resultata frå prosjekta til andre kommunar og stimulere til læring og erfaringsutveksling.

Kontaktpersonar hos Fylkesmannen

Anne Barkve Andersen fmroaba@fylkesmannen.no tlf 51568776
Ellen Aarre fmroeea@fylkesmannen.no tlf 51568746

Anne Lise Osmundsen fmroalo@fylkesmannen.no tlf 51568767

Skjema for søknad og rapportering, samt informasjon om regelverket, finn du på våre nettsider.

Med helsing

Rigmor Kvia deWaard
ass.avdelingsdirektør

Anne Barkve Andersen
seniorrådgiver/ sykepleier

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anne Barkve Andersen
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 76
E-post: fmroaba@fylkesmannen.no